



**Saksframlegg**

**Mulige hotel plasseringer i Fyresdal**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		21.05.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

Vedlegg

1 Hotel Rapport Fyresdalv5

**Bakgrunn for saka:**

Fyresdal kommune har over tid arbeidd med spørsmålet om etablering av hotell i kommunen. Bakgrunnen er særleg knytt til kommunen si satsing på datasenteretableringar og tilhøyrande industri, og det behovet desse etableringane vil skape for overnatting, servering, møteverksemd, opplæring og andre tenester.

Det ligg føre ein hotelfagleg analyse frå SP Hospitality, datert 20. mars 2026. Rapporten vurderer marknadsgrunnlag, tomtevurdering, segmentmodell, kapasitetsanbefaling og økonomivurdering. Rapporten peikar på at datasenterrelatert aktivitet er ein sentral drivar i hotellicaset, og at det er signalisert eit stort og stabilt behov for romdøgn, møtekapasitet og tilhøyrande hotelltenester.

Rapporten viser vidare at hotellet ikkje berre må dekke overnatting. Det er også behov for møtekapasitet, kurs, opplæring, tekniske samlingar, prosjektmøte og profesjonelle rammer rundt kompetansebygging. Dette gjer møte- og opplæringsfunksjonane til ein del av grunnstrukturen i hotellprosjektet, og ikkje berre eit tillegg til sjølv overnattingstilbodet.

Samstundes bør hotellet utviklast som meir enn eit reint datasenterhotell. Eit hotell med restaurant, møtekapasitet og kurs- og konferansefasilitetar vil kunne styrkje Fyresdal som møteplass, arrangementsstad og besøkskommune. Etableringa kan difor bli viktig både for datasenteraktørar, eksisterande og komande industri, innbyggjarar, lokalt næringsliv, reiseliv og vidare utvikling av Folkestadbyen.

SP Hospitality vurderer samla marknadsgrunnlag til 20 300 romdøgn årleg i hovudcase, fordelt på 12 000 romdøgn frå datasenterrelatert aktivitet, 5 000 romdøgn frå ferie- og fritidsmarknaden, 2 500 romdøgn frå kurs, konferanse og offentlege grupper, og 800 romdøgn frå lokal næring, arrangement og supplerande trafikk. Rapporten vurderer difor

hotellet som eit fleirbruksprodukt med tre tydelege berebjelkar: datasenter/industri, ferie/fritid og møte-/gruppeaktivitet.

Rapporten tilrår eit hotell på 70 rom som hovudcase, med 75 rom som eit godt sekundært alternativ dersom ein ønskjer større fleksibilitet og noko meir vekstrom. Eit hotell på 100 rom blir vurdert som eit mogleg oppside- og vekstscenario, men ikkje som hovudtilråding i basis-scenarioet.

Kommunedirektøren legg til grunn at vidare planarbeid må ha fleksibilitet til å handtere ulike romtal og bygningsløyningar. I den vidare saka blir det difor vist til eit hotell i storleiksorden 70-100 rom, der endeleg storleik må avklarast gjennom reguleringsarbeid, investordialog, driftsmodell og nærare prosjektutvikling.

Dette er ikkje ei sak om endeleg godkjenning av hotellprosjekt. Saka gjeld om kommunestyret vil gje kommunedirektøren fullmakt til å starte arbeid med omregulering av aktuelle areal, slik at kommunen kan kome vidare frå overordna vurderingar til ei konkret planavklaring.

Kommunedirektøren har vurdert fire aktuelle hovudlokaliseringar:

1. Stykkevika
2. Bryggeparken
3. Meierigården
4. Området ved Kulturhuset

Etter ei samla vurdering rår kommunedirektøren til at det i denne omgang blir arbeidd vidare med Meierigården og Kulturhuset-plasseringa som aktuelle område for omregulering.

### **Vurdering:**

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; *Fyresdal kommune skal legge til rette for næringsutvikling*

### **Overordna vurdering**

Eit hotell i Fyresdal bør plasserast slik at det både tener behovet frå kommunen si satsing på datasenteretableringar og tilhøyrande industri, og samtidig styrkjer reiselivet, Folkestadbyen og lokalsamfunnet.

Rapporten frå SP Hospitality peikar på at ei sentrumsnær og attraktiv plassering er viktig for å byggje opp eit breitt marknadsgrunnlag med datasentertrafikk, ferie/fritid, møteaktivitet, servering og lokale funksjonar. Dette er eit viktig utgangspunkt for kommunedirektøren si vurdering av aktuelle hotellplasseringar.

Tomtevalet er difor ikkje berre eit arealspørsmål. Det handlar også om kommersiell berekraft, gjennomføringsevne, kostnader, trafikk, parkering, naboeverknader, bygningsvolum, universell utforming og kva ringverknader hotellet kan få for Fyresdal sentrum.

Dersom hotellet blir liggjande for perifert, kan ein få eit funksjonelt overnattingstilbod for datasenterrelatert trafikk, men samstundes miste ein stor del av den positive effekten

for Folkestadbyen. Dersom hotellet blir lagt sentrumsnært, kan etableringa i større grad bidra til restauranttilbod, møteplassar, aktivitet, handel, arrangement og stadutvikling.

Kommunedirektøren meiner difor at vidare arbeid bør konsentrerast om sentrumsnære alternativ som både kan vere kommersielt interessante og gje størst mogleg positiv effekt for Fyresdal.

Saka er ei plansak. Eit hotell av denne storleiken krev avklaring gjennom plan- og bygningslova før eit konkret prosjekt eventuelt kan realiserast. Planarbeidet må avklare arealbruk, trafikk, parkering, tilkomst, bygningsvolum, naboeverknader, landskap, universell utforming, møte- og serveringsfunksjonar og andre relevante tema.

### **Alternativ 1: Stykkevika**

Stykkevika har kvalitetar som kan tale for hotelletablering. Området ligg relativt nær datasenteret på Molandsmoen, kommunen er grunneigar, og det er god tilgang til friluftsområde, strandsone og badestrand. Dette kan vere attraktive kvalitetar for hotellgjester, særleg dersom hotellet i stor grad skulle rettast mot datasenterrelatert trafikk og naturbasert rekreasjon.

Den største ulempa er avstanden til sentrum. Ei plassering her vil i mindre grad støtte opp under handel, servering, kulturtilbod, møteplassar og annan aktivitet i Folkestadbyen. Ei sentrumsnær hotelletablering vil gje betre ringverknader for lokalsamfunnet og bidra til at datasenteretableringane også styrkjer Fyresdal sentrum.

Samla vurderer kommunedirektøren Stykkevika som det minst eigna alternativet, sjølv om området har praktiske og naturmessige fordelar. Avstanden til sentrum gjer at alternativet i for liten grad støttar opp om ønskt stadutvikling.

### **Alternativ 2: Bryggeparken**

Bryggeparken er hotellfagleg eit svært godt alternativ. Området er sentrumsnært, attraktivt og har kvalitetar som kan styrkje hotellcasen gjennom kombinasjonen av vasskontakt, reiseliv, servering, møteaktivitet og nærleik til sentrum. Ei hotelletablering her ville kunne styrkje Folkestadbyen, skape meir aktivitet og bidra til at hotellgjester, kursdeltakarar og andre besøkande i større grad nyttar lokale tilbod.

Samtidig er det vesentlege utfordringar. Området er statleg sikra, og fylkeskommunen har gjeve negativ tilråding til Miljødirektoratet. Det er difor usikkert om området kan frigjerast eller omdisponerast til hotellformål. Det er også stort lokalt engasjement knytt til bruken av Bryggeparken, og dette må takast på alvor.

Kommunedirektøren meiner difor at Bryggeparken må avventast i denne omgang. Dersom vidare avklaringar opnar for hotellformål, og det er grunnlag for vidare lokal og politisk behandling, kan Bryggeparken kome tilbake som eige tema i ei seinare sak.

### **Alternativ 3: Meierigården**

Meierigården er vurdert som eit godt eigna område for hotell. Tomta ligg sentrumsnært og langs innfartsåra til Fyresdal, noko som gjev god synlegheit, enkel tilkomst og ei tydeleg koping til Folkestadbyen og sentrum.

Hotellkonsulentane vurderer at Meierigården er godt eigna til hotellformål. Kommunedirektøren deler denne vurderinga. Tomta har ei plassering som kan bidra til å styrkje sentrum og samtidig gje hotellet god synlegheit mot innfarten til Fyresdal.

Eigar av Meierigården har signalisert vilje til sal av tomt og hus. Dette gjer alternativet meir realistisk enn sentrumsnære alternativ der grunneigar ikkje ønskjer sal. Samstundes vil kostnadsnivået for å sikre seg eigedommen vere eit avgjerande forhold i den vidare vurderinga. Endeleg val av tomt må difor sjåast i samheng med kva samla kostnader kommunen eller ein framtidig utbyggjar vil få ved kjøp, frikjøp, riving, tilrettelegging, parkering og eventuell opparbeiding av tomta.

Ei etablering på Meierigården kan også bidra til å forskjøne og løfte inntrykket av innfarten til Fyresdal. Eit godt utforma hotellbygg kan gje området eit meir attraktivt preg og samtidig etablere eit tydelegare sentrumspeg. Dette kan vere positivt både for bygda, besøkande og næringslivet.

Tomta har likevel klare utfordringar. Arealet er relativt knapt for eit hotell i storleiksorden 70-100 rom med restaurant, møte- og opplæringsfasilitetar, fleksibel sal, driftsareal, varelevering og parkering. For å sikre nok areal må det truleg vurderast parkeringskjellar eller andre arealeffektive parkeringsløyser. Dette kan bli eit fordyrande element i prosjektet.

I tillegg står det bustader på tomta i dag. Desse må i så fall kjøpast fri eller handterast som del av ei samla eigedomsavklaring før området kan utviklast til hotellformål. Dette inneber ein ekstra kostnad og ein prosess som må gjennomførast ryddig. Det må også vurderast korleis ei utbygging vil påverke omkringliggjande bustader og næring, mellom anna når det gjeld utsikt, solforhold, trafikk, parkering og bygningsvolum.

Kommunedirektøren meiner likevel at Meierigården er eit av dei mest aktuelle områda for vidare arbeid. Tomta er sentrumsnær, synleg, vurdert som godt eigna av konsulentane, og eigar har signalisert vilje til sal. Dei økonomiske og planmessige utfordringane er reelle, og særleg kostnadsnivået ved å sikre tomta må avklarast før endeleg val av hotellplassering kan gjerast.

Kommunedirektøren rår difor til at Meierigården blir eitt av områda det blir starta omreguleringsarbeid for.

### **Alternativ 4: Kulturhuset-plasseringa**

Kulturhuset-plasseringa omfattar området ved Kulturhuset og tilgrensande kommunale areal. Kommunen er grunneigar i sentrale delar av området, noko som er ein klar fordel. Kommunalt eigarskap gjev større handlingsrom og kan gjere vidare planarbeid enklare enn i område der kommunen må avklare arealbruken med fleire private grunneigarar.

Området ligg sentrumsnært og har nærleik til viktige funksjonar. Eit hotell her vil kunne gje gode moglegheiter for sambruk med Kulturhuset, til dømes ved kurs, konferansar, kulturarrangement, møte, opplæring og andre aktivitetar.

Rapporten frå SP Hospitality understrekar at hotellet bør ha ein tydeleg møte- og serveringsprofil. Det blir tilrådd to dedikerte møterom og ein fleksibel sal/fleirbruksarena. Eit hotell nær Kulturhuset vil kunne byggje opp under dette, og kan gje praktiske sambruksmoglegheiter mellom hotell, kulturhus og eksisterande arrangementsfunksjonar.

Nærleiken til Kulturhuset kan også vere viktig for å byggje opp Fyresdal som kurs-, møte- og arrangementsstad. Dette kan vere positivt både for datasenterrelatert aktivitet, annan industri, kommunale arrangement, næringsliv, frivillig sektor og lokalbefolkning.

Det kan likevel vere nødvendig å vurdere om eksisterande bygg i området må fjernast eller omdisponerast for å sikre nok areal til hotell, parkering og trafikale løysingar. Dette må avklarast nærare gjennom planarbeidet. Ein må også sjå nærare på bygningsvolum, plassering, tilkomst, varelevering, uteområde og samanhangen med Kulturhuset og andre funksjonar i området.

Den største ulempa er at området ligg tett på funksjonar der barn og unge ferdast mykje. Ei hotelletablering vil medføre meir motorferdsel, både frå gjester, tilsette, varelevering og annan drift. Kommunedirektøren meiner difor at trafikktryggleik, mjuke trafikantar, tilkomst og parkering må vere heilt sentrale tema dersom dette alternativet skal arbeidast vidare med.

Samla vurderer kommunedirektøren Kulturhuset-plasseringa som eit aktuelt alternativ for vidare utgreiing og omregulering. Kommunalt eigarskap, sentrumsnærleik og nærleik til Kulturhuset gjer området interessant. Samtidig må omsynet til barn, unge, trafikktryggleik og arealbehov greiast grundig ut.

Kommunedirektøren rår difor til at Kulturhuset-plasseringa blir eitt av områda det blir starta omreguleringsarbeid for.

## **Andre vurderte alternativ**

I tillegg til dei fire hovudalternativa som er nærare vurderte i saka, har det vore peika på fleire andre moglege løysingar og lokaliseringar. Kommunedirektøren meiner det er viktig å omtale desse kort, slik at det kjem tydeleg fram at alternativa er vurderte, sjølv om dei ikkje blir tilrådde for vidare arbeid.

Det har vore vurdert om kommunen kan kjøpe tilleggsareal nord vest for Tøddelia for å få fram ei anna ganske sentrumsnær hotellplassering. Det er mellom anna gjort førespurnad om kjøp av aktuell privat tomt. Grunneigar har gjort det klart at sal ikkje er aktuelt. Alternativet blir difor ikkje vurdert som realistisk utan bruk av ekspropriasjon. Kommunedirektøren meiner ekspropriasjon ikkje er eit aktuelt verkemiddel i denne saka, og alternativet blir difor ikkje tilrådd for vidare arbeid.

Det har også vore vurdert om Fyresdal Næringshage kan byggjast om til hotell, kombinert med at kommunen byggjer nytt kommunehus ein annan stad. Dette alternativet ville i utgangspunktet kunne gje ei sentrumsnær lokalisering, men blir ikkje vurdert som realistisk. Ei slik løysing ville krevje avviking eller flytting av eksisterande kommunale og næringsrelaterte funksjonar, etablering av nytt kommunehus, omfattande ombygging av eksisterande bygningsmasse og store investeringar før ein i det heile kunne realisere hotellprosjektet. Det er også usikkert om bygget eignar seg godt for moderne hoteldrift med krav til romløyningar, logistikk, restaurant, møtefasilitetar, driftssoner, universell utforming, parkering og varelevering. Kommunedirektøren meiner difor at dette alternativet vil vere både kostnadskrevjande, tidkrevjande og lite gjennomførbart samanlikna med dei alternativa som no blir tilrådde.

Foldsæ er også lansert som eit mogleg alternativ. Området har kvalitetar knytt til natur, miljø og eksisterande bygningsmasse, men ligg for langt frå Fyresdal sentrum til å oppfylle hovudmålet om at hotellet skal styrkje Folkestadbyen, sentrumstilbodet og lokalsamfunnet. Når Stykkevika ikkje blir tilrådd på grunn av avstanden til sentrum og svakare bidrag til ønskt sentrumsutvikling, gjeld dette i endå større grad for Foldsæ. Kommunedirektøren vurderer difor Foldsæ som uaktuelt for vidare arbeid i denne saka.

På bakgrunn av dette meiner kommunedirektøren at dei alternativa som bør arbeidast vidare med no, er Meierigården og Kulturhuset-plasseringa. Desse alternativa er sentrumsnære, kan styrkje Folkestadbyen og har betre føresetnader for å gje dei ringverknadene kommunen ønskjer av ei hotelletablering.

## **Samla vurdering**

Kommunedirektøren meiner at vidare arbeid bør byggje på fire hovudomsyn:

- Behovet som følgjer av kommunen si satsing på datasenteretableringar, tilhøyrande industri og annan næringsutvikling
- Behovet for opplæring, trening, møteverksemd og samlingar knytt til datasenteraktørar, deira kundar og annan industri
- Moglegheita for å styrkje reiselivet, Folkestadbyen og lokalsamfunnet
- Realismen i å få gjennomført planarbeid, tomteavklaringar og seinare utbygging til eit forsvarleg kostnadsnivå

Rapporten frå SP Hospitality styrkjer grunnlaget for å gå vidare med saka, men viser også at hotellet bør vere eit fleirbrukshotell og ikkje eit reint datasenterhotell. Dette talar sterkt for ei sentrumsnær plassering som kan skape ringverknader for sentrum, næringsliv, reiseliv og lokalsamfunn.

Stykkevika har kvalitetar knytt til natur, strand og nærleik til datasenteret, men blir vurdert som for lite sentrumsnær. Bryggeparken er hotellfagleg sterk, men må avventast på grunn av statleg sikring, usikker frigjering og behov for vidare lokal og politisk avklaring.

Meierigården og Kulturhuset-plasseringa blir vurderte som dei mest aktuelle områda for vidare omregulering i denne omgang. Meierigården er sentrumsnær, synleg og godt eigna, men har usikre kostnader knytt til kjøp, frikjøp, parkering og tilrettelegging. Kulturhuset-plasseringa har fordelar gjennom kommunalt eigarskap og mogleg sambruk med Kulturhuset, men krev grundige avklaringar knytt til trafikktryggleik, barn og unge, parkering, arealbehov og forholdet til eksisterande bygg.

Kommunedirektøren meiner difor at det bør startast omreguleringsarbeid for Meierigården og Kulturhuset-plasseringa. Planarbeidet må gje eit betre avgjerdsgrunnlag, mellom anna om kostnader, eigedomsavklaringar, parkeringsløyisingar, trafikk og gjennomføringsevne.

Det bør setjast av kr 500 000 til arbeidet med planavklaringar, omregulering, nødvendig fagleg bistand og utgreiingar. Midlane blir finansierte frå kommunens disposisjonsfond.

## Konklusjon:

Kommunedirektøren meiner at etablering av hotell i Fyresdal er eit viktig strategisk tiltak. Kommunen si satsing på datasenteretableringar, tilhøyrande industri og annan eksisterande og komande næringsaktivitet gjev eit konkret grunnlag for auka behov for overnatting, møtekapasitet, servering, opplæring og samlingar.

Rapporten frå SP Hospitality viser at datasenterrelatert aktivitet kan gje eit betydeleg tal romdøgn årleg, og at samla hovudcase for hotellet er vurdert til 20 300 romdøgn årleg. Rapporten peikar samtidig på at hotellet bør utviklast som eit fleirbrukshotell, ikkje som eit reint datasenterhotell. Ferie- og fritidsmarknaden, kurs og konferanse, offentlege grupper, lokal næring, arrangement og restaurantdrift er viktige delar av det samla grunnlaget.

Hotellet vil kunne få ei viktig rolle som arena for opplæring, trening, tekniske samlingar, kurs og møteverksemd knytt til datasenteraktørar, deira kundar og annan industri. Dette kan skape stor aktivitet ved hotellet og gjere etableringa til ein viktig del av den vidare infrastrukturen for næringsutvikling i Fyresdal.

Samtidig vil eit hotell kunne gje Fyresdal eit viktig nytt tilbod i form av overnatting, kurs- og konferansefasilitetar, restaurant og auka aktivitet i sentrum. Dette er viktig både for næringsutvikling, reiseliv, innbyggjarane og kommunen si vidare stadutvikling.

Val av plassering er avgjerande. Kommunedirektøren meiner at hotellet bør lokaliserast slik at det i størst mogleg grad styrkjer Folkestadbyen og skaper ringverknader for lokalsamfunnet. Tomtevalet må samstundes vurderast opp mot gjennomføringsevne, kostnader, trafikk, parkering, naboeverknader, bygningsvolum og andre planmessige forhold.

Bryggeparken blir vurdert som eit svært godt hotellfagleg alternativ, men må avventast på grunn av usikkerheit knytt til statleg sikring og behov for vidare lokal og politisk avklaring. Stykkevika blir ikkje vurdert som eit prioritert alternativ, først og fremst på grunn av avstanden til sentrum og svakare bidrag til ønskt stadutvikling. Foldsæ blir av same grunn ikkje vurdert som aktuelt for vidare arbeid.

Det er også vurdert andre sentrumsnære løysingar, mellom anna kjøp av privat tomt og ombygging av Fyresdal Næringshage til hotell kombinert med nytt kommunehus. Desse alternativa blir ikkje vurderte som realistiske eller gjennomførbare i denne saka, mellom anna på grunn av manglande salsvilje, behov for ekspropriasjon, store kostnader, omfattande ombyggingsbehov og konsekvensar for eksisterande funksjonar.

Meierigården og Kulturhuset-plasseringa blir vurderte som dei mest aktuelle områda for vidare omregulering i denne omgang. Meierigården er godt eigna og sentrumsnær, og eigar har signalisert vilje til sal av tomt og hus. Samstundes må kostnadsnivået ved kjøp, frikjøp, parkering og tilrettelegging avklarast nærare før endeleg tomteval kan gjerast.

Kulturhuset-plasseringa har fordelar gjennom kommunalt eigarskap, sentrumsnærleik og nærleik til Kulturhuset. Dette kan gje gode moglegheiter for sambruk og styrkje hotellet som møte-, kurs-, opplærings- og arrangementsarena. Samtidig krev alternativet særleg utgreiing av trafikktryggleik, omsynet til barn og unge, arealbehov, parkering og forholdet til eksisterande bygg og funksjonar.

Kommunedirektøren tilrår difor at kommunestyret gjev løyve til å starte omreguleringsarbeid for Meierigården og Kulturhuset-plasseringa, og at det blir sett av kr 500 000 til dette arbeidet. Midlane blir finansierte frå kommunens disposisjonsfond.

## **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret gjer følgjande vedtak:

- Kommunestyret tek vurderinga av aktuelle lokaliseringar for etablering av hotell i Fyresdal til orientering.
- Kommunestyret meiner at ei hotelletablering i Fyresdal vil vere eit viktig tiltak for å møte behovet som følgje av kommunen si satsing på datasenteretableringar, tilhøyrande industri og annan næringsutvikling, og for å styrkje reiselivet, Folkestadbyen og lokalsamfunnet.
- Kommunestyret legg til grunn at hotellet også skal kunne ha ein viktig funksjon som arena for opplæring, trening, tekniske samlingar, kurs og møteverksemd knytt til datasenteraktørar, deira kundar og annan industri.
- Kommunestyret legg til grunn at vidare planarbeid skal vurdere hotell i storleiksorden 70-100 rom, med tilhøyrande restaurant, kurs- og konferansefasilitetar, møtekapasitet, opplæringsfasilitetar, parkering og nødvendige driftsfunksjonar.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med omregulering av Meierigården med sikte på mogleg etablering av hotell.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren starte arbeid med omregulering av området ved Kulturhuset, omtalt som Kulturhuset-plasseringa, med sikte på mogleg etablering av hotell.
- Planarbeidet skal gjennomførast etter plan- og bygningslova, og skal avklare nødvendige forhold knytt til arealbruk, trafikk, parkering, landskap, naboverknader, sentrumsutvikling, universell utforming, møte-, opplærings- og serveringsfunksjonar og andre relevante tema.
- For Meierigården skal planarbeidet særleg avklare arealbehov, behov for parkeringskjellar eller andre parkeringsløyser, kostnader knytt til kjøp og frikjøp av eksisterande eigedomar, tilkomst, parkering, byggehøgder, naboverknader og verknader for innfarten til Fyresdal sentrum.
- Kommunestyret legg til grunn at kostnadsnivået for å sikre Meierigården-tomta, inkludert kjøp av tomt og hus, eventuell riving, parkering og tilrettelegging, vil vere eit vesentleg moment før endeleg val av hotellplassering blir gjort.
- For Kulturhuset-plasseringa skal planarbeidet særleg avklare trafikktryggleik, omsynet til barn og unge, tilkomst, parkering, mogleg sambruk med Kulturhuset, behov for riving eller omdisponering av eksisterande bygg og samla arealbehov.
- Bryggeparken blir ikkje prioritert for oppstart av omregulering i denne omgang. Kommunedirektøren skal avvente vidare avklaringar knytt til statleg sikring, mogleg frigjerung av arealet og lokal/politisk vurdering av om området er eigna for hotellformål.
- Stykkevika blir ikkje prioritert for oppstart av omregulering i denne omgang, hovudsakleg på grunn av avstanden til sentrum og svakare bidrag til ønskt stadutvikling.
- Foldsæ blir ikkje prioritert for vidare arbeid i denne saka, hovudsakleg på grunn av avstanden til sentrum og svakare bidrag til ønskt utvikling av Folkestadbyen.
- Kommunestyret tek til orientering at det også er vurdert andre alternativ, mellom anna kjøp av privat tomt og ombygging av Fyresdal Næringshage til hotell kombinert med nytt kommunehus, men at desse alternativa ikkje blir vurderte som realistiske eller gjennomførbare i denne saka.

- Det blir sett av inntil kr 500 000 til oppstart av omreguleringsarbeid, planfagleg bistand og nødvendige utgreiingar knytt til Meierigården og Kulturhuset-plasseringa. Midlane blir finansierte frå dei 4 millionane som kommunestyret sette av til ekstraavgifter i samband med datasenteretablering.
- Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med eiga sak når planarbeidet har avklart om eitt eller begge områda kan leggjast fram som konkret reguleringsforslag for hotellformål.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk